



# Prop. 24 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2017 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 24. november 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2017.

#### 1.1 Forslag om endringar

##### **Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet**

###### *Post 01 Driftsutgifter*

###### *Omdisponering, Kommunikasjonskontrollutvalget*

Det blir foreslått å redusere løyvinga på kap. 400 post 01 med 0,8 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 410 post 01, jf. omtale under dette kapittelet.

###### *Parallelljustering*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 755 000 kroner grunna auka utgifter til arbeid knytta til departementet si rolle som programpartner i Financial Mechanism Office (FMO) i tida 2017–2020. Departementet vil få refusjonar frå FMO i perioden, jf. kap. 3400, post 01.

##### **Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet**

###### *Post 01 Diverse inntekter*

###### *Parallelljustering*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 755 000 kroner fordi departementet vil få refusjonar frå Financial Mechanism Office (FMO), jf. omtale under kap. 400, post 01.

##### **Kap. 061 Høgsterett**

###### *Post 01 Driftsutgifter*

###### *Tilpassing av dommarlønn*

Løyvinga dekker faste og variable lønnskostnader og andre driftsutgifter som følger av Høgsteretts verksemd.

Lønn for høgsterettsdommarar blir regulert av Stortinget kvart år i februar, med verking frå 1. oktober året før. Endringane skal først leggjast fram i samband med revidert nasjonalbudsjett for gjeldande budsjettår for å kompensere for lønnsaukinga, og så fremmast i Prop. 1 S for påfølgande budsjettår. Endringane for perioden 1. oktober til 31. desember 2016 kom for seint for å bli behandla i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2017.

Verkinga av lønnsreguleringa per 1. oktober 2016 (jf. Innst. 230 S (2016–2017) *Innstilling fra Stortingets presidentskap om regulering av lønna for Høyesteretts medlemmer*) er på 1,3 mill. kroner, inkl. pensjonsforpliktingar.

På bakgrunn av dette blir det foreslått å auke løyvinga med 1,3 mill. kroner.

## Kap. 410 Domstolane

### Post 01 Driftsutgifter

#### Omdisponering

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter ved Domstoladministrasjonen, inkl. faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar i tingrettane, jordskifterettane og lagmannsrettane.

Det vart i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 overført ei halvårsverking av eit årsverk frå Justis- og beredskapsdepartementet til domstolane. Det blir nå foreslått å omdisponere den resterande halvårseffekten til domstolane.

Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på kap. 410, post 01 med 0,8 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 400, post 01.

## Kap. 430 Kriminalomsorga

### Post 01 Driftsutgifter

#### Ullersmo fengsel og Indre Østfold fengsel, avd. Eidsberg – utstyr og inventar

I samanheng med byggeprosjektene ved Ullersmo fengsel og Indre Østfold fengsel, avd. Eidsberg vart løyvinga til kriminalomsorga auka i 2016 og 2017 for å delvis dekke investeringar i utstyr og inventar ved de nye fengsla. Deler av investeringsbehovet dekkes innanfor løyvinga til kriminalomsorga i 2017.

Regjeringa foreslår difor å redusere løyvinga på kap. 430, post 01 med 10,0 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 430, post 45.

#### Leige av fengselsplasser i Nederland – valutaendringar og prisjustering

Valutaendringar fører til eit mindrebehov knytt til betaling av leige av Norgerhaven fengsel i Nederland i 2017. Det er også eit mindrebehov knytt til at betaling av leiga til Nederland etter avtalen skal

prisjusterast etter indeks frå Nederland, som er lågare enn indeksen som er grunnlaget for berekinga av løyvinga i 2017. Samla gjer valuta- og prisendringar ein redusert kostnad på til saman 4,0 mill. kroner i 2017.

Regjeringa foreslår difor å redusere løyvinga med 4,0 mill. kroner i 2017.

#### Overføring av pensjonsutgifter

Frå 2017 er pensjonsutgifter overførte frå Statens pensjonskasse til kvar einskild statlig verksemd. Løyvinga under kap. 430, post 01 var føresettt å dekkje auka pensjonsutgifter også til Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter. Regjeringa foreslår å redusere løyvinga på kap. 430, post 01 med 21,9 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 432, post 01.

#### Oppsummering

Regjeringa foreslår ein samla auke av løyvinga på kap. 430, post 01 med 35,9 mill. kroner i 2017.

#### Post 45 Større innkjøp og vedlikehald, kan overførast

##### Ullersmo fengsel og Indre Østfold fengsel, avd. Eidsberg – utstyr og inventar

Sjå omtale av kap. 430, post 01 om midla til utstyr og inventar ved Ullersmo fengsel og Indre Østfold fengsel, avd. Eidsberg.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 430, post 45 med 10 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 430, post 01.

#### Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv., kan overførast

Løyvinga dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslate frå forvaring og varetektssurrogat. Domstolane avgjer om personar skal prøvelauslatast frå forvaring for opphald i institusjon eller kommunal bustad.

Samla løyving på posten er 82 mill. kroner i 2017. Kriminalomsorga sine berekingar viser behov for ei samla løyving i 2017 på 68,7 mill. kroner.

Regjeringa foreslår difor å redusere løyvinga på kap. 430, post 60 med 13,3 mill. kroner i 2017.

### **Kap. 432 Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS)**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

#### *Forsinka oppstart ekstra klasseopptak*

I samheng med Revidert nasjonalbudsjett 2017 vart løyvinga auka med 19,7 mill. kroner til å auke opptaket ved Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter med tre klasser i 2017. De ekstra fengselsbetjentene skal bidra til å dekke behov for fagutdannet personell i nytt fengsel i Agder.

Oppstart av utdanning for dei ekstra klassene blei forsinket med om lag ein månad til oktober 2017. Dette inneberer eit lågare løyvingsbehov i 2017, mot ein tilsvarende auke i 2019.

Regjeringa foreslår difor å redusere løyvinga på kap. 432, post 01 med 6,0 mill. kroner i 2017.

#### *Overføring av pensjonsutgifter*

Se omtale av kap. 430, post 01 om overføring av pensjonsutgifter.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 432, post 01 med 21,9 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 400, post 01.

#### *Parallelljustering – høgre inntekter enn forventa*

Løyvinga på kap. 432, post 01 dekkjer ordinære driftsutgifter til Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter.

Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter er gitt fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3432, post 03. Inntektene på kap. 3432, post 03 er forventa å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2017.

Regjeringa foreslår difor å auke løyvinga på kap. 432, post 01 med 1,5 mill. kroner i 2017, jf. omtale av kap. 3432, post 03.

#### *Oppsummering*

Regjeringa foreslår ein samla auke av løyvinga på kap. 430, post 01 med 17,4 mill. kroner i 2017.

### **Kap. 3432 Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS)**

#### *Post 03 Andre inntekter*

Posten omfattar mellom anna inntekter frå aspirantane del av skolebøker, refunderte utgifter frå deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt og forskingsoppdrag.

Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS) er gitt fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01 mot tilsvarende merinntekter på kap. 3432, post 03.

Regjeringa foreslår difor å auke løyvinga på kap. 3432, post 03 med 1,5 mill. kroner i 2017, jf. omtale av kap. 432, post 01.

### **Kap. 440 Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta, politireserven og politiet sine særorgan (ikkje Politihøgskolen). Departementet held tilbake ein mindre del av løyvinga til oppfølging av handlingsplanar m.m.

#### *Kompensasjon for betaling av pensjonspremie*

Frå og med 1. januar 2017 vart det innført ein forenkla modell for premiebetaling for statlege verksemder med ein fast premiesats på 14 pst., jf. Prop. 1 S (2016–2017) for Arbeids- og sosialdepartementet og Gul bok 2017. Ordninga er meint å vere provenynøytral. På bakgrunn av rekneskaps- tal og forventa utvikling er det anslått at politiet er underkompensert for pensjonspremie i 2017. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 26 mill. kroner.

#### *Fleire pass*

Det er venta ein oppgang i talet på produserte pass. Dette vil gi auka utgifter til politiet på 9,9 mill. kroner i 2017. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga med 9,9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

#### *Rygge beredskapssenter – omdisponering*

Det vert foreslått å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 2,8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 70.

#### *Personalbarnehage – parallelljustering*

Justis- og beredskapsdepartementet har for 2017 fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440, post 01 mot ei tilsvarende meirinntekt på kap. 3440, post 05. Det vert foreslått å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med 0,2 mill. kroner, jf. omtale på kap. 3440, post 05.

*Barnefaglig kompetanse – omdisponering*

I statsbudsjettet for 2017 vart løyvinga på kap. 490, post 01 auka med 20 mill. kroner for å styrke den barnefaglege kompetansen i heile asylkjeda. Av desse er 7,5 mill. kroner stilt til disposisjon for politiet, men det er venta at kun 3,5 mill. kroner vert brukt i 2017. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 4 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 490, post 01, jf. omtale under kap. 490, post 01.

*Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 42,5 mill. kroner.

*Post 21 Særskilte driftsutgifter*

Løyvinga dekker sideutgifter som politi- og lensmannsetaten har i samband med asylsaker, under dette utgifter til uttransporteringar i asylsaker og andre utlendingssaker. Reduksjon i talet på asylsøkjjarar gir mindreutgifter til tolk, språkanalyse og andre variable utgifter knytt til registrering av asylsøkjjarar. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga på kap. 440, post 21 med 17 mill. kroner.

*Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjeremål*

Løyvinga dekker sideutgifter i samanheng med sivile gjeremål. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2017 vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 23 med 6,9 mill. kroner.

*Post 25 Retur av asylsøkjjarar med avslag og andre utlendingar utan lovlig opphald, overslagsløyving*

Løyvinga dekker de variable utgiftene til retur av asylsøkjjarar med avslag, bort- og utviste og Dublinere. Løyvinga på posten blei auka med 15,6 mill. kroner i 2017 som følge av at måltalet for retur av personar utan lovleg opphald blei auka frå 7800 til 9000. På bakgrunn av reduksjon i talet på asylsøkjjarar, talet og samansetting på gjennomførte returar og nokre tiltak som er satt i verk for å sikre høy innsats i returarbeidet, er det anslått at det vil kunne returnerast om lag 6000 personer utan lovleg opphald i 2017. På bakgrunn av rekneskapstal og forvente utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga på kap. 440, post 25 med 62,5 mill. kroner.

*Post 70 Tilskot*

Løyvinga på posten vart auka med 3,1 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 til forstudie (0,3 mill. kroner) og skytebane (2,8 mill. kroner) på beredskapssenter Rygge, jf. Innst. 401 S (2016–2017). I første omgang må forstudie blir ferdigstilt, og det er ikkje venta at løyvinga på 2,8 mill. kroner til skytebane vert brukt i 2017. Ubrukt løyving på post 70 er ikkje overførbart til neste budsjettår. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga på kap. 440, post 70 med 2,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 440, post 01. Det vert lagt til grunn at løyvinga vil vere ubrukt og bli overført til 2018.

*Post 73 Tilskot til EUs grense- og visum fond*

Løyvinga dekker Noregs bidrag til EUs grense- og visum fond. Endringar i valutakurs på utbetalings-tidspunktet samanlikna med det som er lagt til grunn i budsjettet gjer at tilskottsutbetalinga i 2017 vart lågare enn forventa. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga på kap. 440, post 73 med 6,2 mill. kroner.

**Kap. 3440 Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten***Post 01 Gebyr – pass og våpen*

Løyvinga dekker inntekter frå gebyr for pass og våpenløyve. Det er venta ein oppgang i talet på produserte pass. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2017, vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 3440, post 01 med 48,8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

*Post 05 Personalbarnehage – parallelljustering*

Løyvinga omfattar foreldreinnbetaling og statstilskot til personalbarnehage ved Oslo politidistrikt. Den 30. juni 2017 vart personalbarnehagen avvikla. Det vert på denne bakgrunn foreslått å redusere løyvinga på posten med 0,2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440, post 01.

*Post 06 Gebyr – utlendingssaker – parallelljustering*

Løyvinga dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring og løyve for arbeid, busetting og utdanning. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2017 vert det

foreslått å redusere løyvinga på kap. 3440, post 06 med 4,1 mill. kroner.

#### *Post 08 Refusjonar frå EUs grense- og visum fond*

Løyvinga dekker inntekter frå EU sitt grense- og visum fond (ISF). Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år. På bakgrunn av forventa betaling for utførte aktivitetar i perioden 2014–2017 vert det foreslått å redusere løyvinga på kap. 3440, post 08 med 9,3 mill. kroner.

### **Kap. 442 Politihøgskulen**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker lønsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskulen.

#### *Økte inntekter pga. økt aktivitet – parallelljustering*

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 442 post 01 mot ei tilsvarende meirinntekt på kap. 3442, post 02. Det vert foreslått å auke løyvinga med 1,7 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3442, post 02.

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 442 post 01 mot ei tilsvarende meirinntekt på kap. 3442, post 03. Det vert foreslått å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3442, post 03.

#### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 442, post 01 med 4 mill. kroner.

### **Kap. 3442 Politihøgskulen**

#### *Post 02 Diverse inntekter*

Løyvinga dekker diverse inntekter. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2017, vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 3442, post 02 med 1,7 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

#### *Post 03 Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter*

Løyvinga dekker inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2017, vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 3442, post 03 med 2,3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

### **Anna**

Justis- og beredskapsdepartementet har motteke ei førebels evaluering av arbeidet med leiing, kultur og haldningar i politiet, jf.: DIFI-rapport 2017:9. Departementet vil kome tilbake til saka i løpet av vårsesjonen 2018.

### **Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) med underliggjande driftseiningar, medrekna Sivilforsvaret, skular og regionkontor.

#### *Sivilforsvarets innsatsar*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner knytt til Sivilforsvarets innsatsar i 2017.

Sivilforsvaret har hittil i år støtta ved 140 hendingar med til saman 2 873 personar. Innsatsen utgjer totalt 28 562 timar. Desse tilsvarear nær mengda innsatstimar i heile 2016 som var 29 968 timar. Forslaget til auke i løyvinga skuldast mellom anna fleire ressurskrevjande leiteaksjonar, innsats i samanheng med brannar og haustens ekstremvær.

### **Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap**

#### *Post 01 Gebyrer*

#### *Mindreinntekt gebyrer*

Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) krev inn avgift til dekning av utgifter for tilsyn retta mot risikofylt verksemd. Avgift blir kravd for fyrsteleddsomsetning av petroleumsprodukt og løysingsmiddel, for ilandføring av petroleumsprodukt i røyrledning frå sjøområde samt for fyrsteleddsomsetning av sprengstoff og krut. Inntektene er avhengig av føregåande års omsetnings- og/eller produksjonsnivå. Det blir vidare kravt inn avgift for tilsyn med elektriske anlegg på land, i skip og på flyttbare offshoreinstallasjonar samt for tilsyn med elektromedisinsk utstyr i somatiske sjukehus.

DSB vurderer at ved utgangen av året vil det vere ein mindreinntekt på 13,6 mill. kroner under kap. 3451, post 01 knytte til at det er gjennomført færre tilsyn på eltryggleiksområdet enn budsjet-

tert i 2017. DSB har prioritert tilsyn med skip som har medført redusert kapasitet til å gjennomføre tilsyn hos tilsynsobjekt som genererer større inntekter. DSB viser til at tilsyn med skip er prioritert fordi skip ikkje kan leggje frå kai før tilsyn er utført og godkjent.

### Kap. 454 Redningshelikoptertenesta

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for innkjøpet av nye redningshelikopter, samt ressursar knytt til oppfølging av prosjektet. Løyvinga inkluderer vidare ein tiltaksplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte, som skal hjelpe til å oppretthalde drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er innført.

Det er ein stor aktivitet i prosjektet for innkjøpet av nye redningshelikopter og der venta at denne vil fortsette ut året. På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga med 3,8 mill. kroner.

#### *Post 45 Større innkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga dekker investeringar til den offentlege redningshelikoptertenesta og investeringar knytt til innkjøp av nye redningshelikopter. Løyvinga skal vidare dekke investeringane ved vedlikehalds-, oppgraderings- og modifiseringsprogrammet for Sea King-redningshelikopter.

Løyvinga knytt til innkjøp av nye redningshelikopter vert justert i tråd med det som er realistisk løyving i fastsett styringsramme (P50). Ein del av avsetninga til uvisse vil ikkje bli brukt i 2017. I tillegg er m.a. utbetring av landingsplassar ved sjukehus, utgifter til eigedom, bygg og anlegg og kjøp av diverse utstyr, utsett til 2018 eller seinare. Mottak av dei første redningshelikoptra har blitt noe utsatt. Det vert også høgare valutautgifter enn tidlegare antatt. I tillegg har Justis- og beredskapsdepartementet utlegg til meirverdiavgift som følgje av investeringar i eigedom, bygg og anlegg. På denne bakgrunn blir det foreslått å redusere løyvinga med 43,6 mill. kroner.

### Kap. 455 Redningstenesta

#### *Post 21 Særskilte driftsutgifter*

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, f.eks. helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i det enkelte red-

ningstilfelle, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell mv.

Det blir foreslått å auke løyvinga under kap. 455, post 21 med 2 mill. kroner. Behovet gjeld utgiftsauke i samanheng med auka kostnader til redningsaksjonar i 2017.

Posten er vanskeleg å gi ein god prognose for, men utviklinga på posten tilseier det av løyvinga vil overskridast. Forbruket på utgiftene varierer med mengda og omfang av redningsaksjonar. Forutan ein generell auke i mengda hendingar, har karakteren til hendingane kravd meir bruk av sivile helikopter- og flyressursar og med det auka utgifter for innleie enn tidlegare. Refusjonar til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta har også auka meir enn vanleg prisutvikling.

### Kap. 456 Direktoratet for naudkommunikasjon

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter knytt til drift av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap sin avdeling for naud- og beredskapskommunikasjon og staten sine plikter som følgje av avslutning av utbygginga av Naudnett og løyving til ein fellesfunksjon med fullmakter til å forvalte utstyret som er knytt til Naudnett.

Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 456, post 01 mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3456, post 02.

Etablering av grenser for nye politidistrikt og 110-regioner har saman med samlokaliseringa av naudmeldesentralar ført til behov for å programmera om radioterminalar for brann- og redningsvesenet.

Det er behov for å auke dekninga innandørs i bygg som er kritiske for naudetatene. Dette vil føre til auka utgifter til drift, jf. omtale under kap. 3456, post 01.

Løyvinga knytt til utbygging av Naudnett vert justert i tråd med det som er realistisk løyving i fastsett styringsramme (P50). Ein del av styringsramma for 2017 skal flyttast til 2018 grunna endring av betalingsmilestolpar.

Etablering av ein fellesfunksjon for forvaltning av utstyret knytt til Naudnett er foreløpig utsatt i på vente av avklaringar knytt til mandat og oppgåver som skal leggjast til funksjonen. Derfor blir utgiftene knytt til fellesfunksjonen i 2017 lågare enn antatt. Det kjem likevel enkelte utgifter i 2017 til ivaretaking av oppgåver som fellesfunksjonen skal ha.

Samla vert det på denne bakgrunn foreslått å redusere løyvinga med 52,6 mill. kroner.

*Post 45 Større innkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga dekker utgifter knytt til avsluttande aktivitet og investering knytt til utbygginga av trinn 2 av Naudnett. Løyvinga dekkjer vidare utgifter for kjøp av utstyr og funksjonslytet som vert initiert av brukarane og skaffa gjennom avtalane til DSB med leverandørar av Naudnett. Løyvinga dekkjer også meirverdiavgift i samband med overføring av eigarskap for utstyr i Naudnett frå DSB til brukarane i etatane.

Eigarskap til utstyr på kommunikasjonssentralane og radioterminalar til Brann blei overført DSB saman med dei andre eigedelane til tidlegare Direktoratet for naudkommunikasjon (DNK). Behovet for betaling av meirverdiavgift ved uttak av utstyr til Brann har falt bort som følge av overdragelsen av verksemda av Direktoratet for naudkommunikasjon (DNK) til DSB. På denne bakgrunnen vert det foreslått å redusere løyvinga med 27,7 mill. kroner.

**Kap. 3456 Direktoratet for naudkommunikasjon**

*Post 01 Abonnementsinntekter*

Løyvinga dekker inntekter frå abonnementsordninga i Naudnett. Det er behov for å auke dekninga innandørs i bygg som er kritiske for naudetatene, jf. omtale under kap. 456, post 01. På denne bakgrunnen vert det foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

*Post 02 Variable refusjonar*

Løyvinga dekker refusjonar til DSB i samanheng med at enkelte utgifter til drift av direktoratet m.a. skal betales av brukarane. Løyvinga dekkjer også betaling til DSB si driftsorganisasjon for støtte og drift av kommunikasjonssentralar og radioterminalar til brukarane. Vidare dekkjer løyvinga betaling frå naudetatene for ein fellesfunksjon som skal forvalte utstyr på kommunikasjonssentralane og radioterminalar som er knytt til Naudnett.

Etablering av ein fellesfunksjon er førebels utsatt i påvente av avklaringar knytt til mandat og oppgåver som skal leggjast til funksjonen. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga med 18,5 mill. kroner.

**Kap. 469 Verjemålsordninga**

*Post 01 Driftsutgifter*

*Omdisponering*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til fylkesmannsembeta og Statens sivilrettsforvaltning, som lønn og andre administrative utgifter. I tillegg skal løyvinga dekke investeringar, naudsynt assistanse frå konsulentar, utstyr og prosjektkostnader.

Verjemålsstyresmaktene har ikkje klart å nå alle måla med reforma som vart innført i 2013. Fylkesmennene uttrykker uro for utviklinga, da lovpålagte oppgåver blir nedprioritert og tilgjengelegheta overfor brukarane er avgrensa.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 1,7 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 472, post 01, jf. omtale under kap. 472.

**Kap. 471 Statens erstatningsansvar**

*Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving*

*Anslagsendring*

Løyvinga på kap. 471, post 71 blir belasta når staten blir dømt eller har inngått forlik om å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsreglar. Løyvinga på kap. 471, post 71 brukast òg til dekning av sakskostnadane til motparten. Løyvinga på posten er regelstyrt og løyvingforslaget er eit overslag.

Justis- og beredskapsdepartementet skal bli varsla om saker der kravet kjem til å utgjere 2 mill. kroner eller meir.

På bakgrunn av mottekne varsel om mogleg erstatningsutbetaling og tidspunkt for ev. utbetaling, venta utvikling og rekneskapstal blir det foreslått å redusere løyvinga med 43 mill. kroner.

*Post 73, Rettferdsvederlagsordninga til Stortinget*

*Anslagsendring*

Rettferdsvederlagsordninga er Stortinget si eige ordning der enkeltpersonar som har kome særskilt uheldig ut i sitt møte med det offentlege i forhold til andre på same tid, kan søkje om skjønnsmessig kompensasjon. Søknadane blir avgjort av Stortinget sitt utval for rettferdsvederlag. Ordninga er basert på sedvane og er ikkje nærare regulert i formelle reglar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga med 3,6 mill. kroner.

### **Kap. 472 Voldsoffererstatning og rådgjevingkontora for kriminalitetsofre**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

##### *Omdisponering*

Løyvinga dekker driftsutgifter til Kontoret for voldsoffererstatning (KFV) og rådgjevingkontora for kriminalitetsofre.

Ved utgangen av september ligg KFV an til eit mindreforbruk på driftsposten i 2017 på om lag 12 pst. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 469 Verjemålsordninga, jf. omtale under kap. 469.

#### *Post 70 Erstatning til voldsofre, overslagsløyving*

##### *Anslagsendring*

Posten er ei regelstyrt overslagsløyving og skal gå til erstatning i saker etter voldsoffererstatningslova.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga med 52 mill. kroner.

### **Kap. 475 Bubehandling**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

##### *Anslagsendring*

Løyvinga på posten dekker staten sitt ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle kor buet eller den som begjærast konkurs (rekvirenten) ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 18,6 mill. kroner.

### **Kap. 480 Svalbard**

#### *Post 50 Tilskot*

Frå budsjettåret 2017 blei utgiftene til arbeidsgivars pensjonsinnbetalningar til Statens Pensjonskasse dekkja av verksemdene sjølve. Ved ein inkurie blei ikkje løyvinga til Skattekontoret Svalbard styrkja for å dekke denne utgifta. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 480 Svalbardbudsjettet med 250 000 kroner. Løyvinga skal dekke auka under-skot på Svalbardbudsjettet som følgje av behov for å auke løyvinga på Svalbardbudsjettet kap. 0022 Skattekontoret, Svalbard med 250 000 kroner.

Helikopterulykka på Svalbard 26. oktober 2017 har medført ekstra utgifter til Sysselmannen

på Svalbard. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 480 Svalbardbudsjettet med 1 mill. kroner. Løyvinga skal dekke auka under-skot på Svalbardbudsjettet som følgje av behov for å auke løyvinga på Svalbardbudsjettet kap. 0005 Sysselmannen med 1 mill. kroner.

### **Kap. 490 Utlendingsdirektoratet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av Utlendingsdirektoratet (UDI). UDI får meirinntekter knytt til IKT-utvikling for andre verksemdar. Løyvinga på posten blir derfor foreslått auka med 12,8 mill. kroner for å handtere denne kostnaden. Det blir foreslått tilsvarande justering av inntektsramma på kap. 3490, post 05.

Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga til barnefagleg kompetanse i asylkjeda på posten med 5,8 mill. kroner mot tilsvarande auke på kap. 491, post 01 og kap. 440, post 01, jf. omtale under desse postane.

Totalt blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 7 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett.

#### *Post 21 Særskilte driftsutgifter, asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av statlege mottak for asylsøkjjarar. Det er anslått at talet på asylsøkjjarar i 2017 blir 3 750 personar. Dette er ein nedgang på 4 500 personar frå gjeldande budsjett, og isolert sett tyder dette på ein reduksjon i løyvinga på posten.

Løyvingsbehovet på posten er imidlertid høgare enn ei rein volumjustering. Hovudårsaken til dette er at kapasitetsutnyttinga i asylmottaka er lågare enn føresetnadene som ligg til grunn for gjeldande budsjett. Ei låg kapasitetsutnytting gir eit meirbehov fordi UDI betalar for plassar som ikkje blir nytta. Trass i at det har vore ein kraftig reduksjon i talet på plassar i løpet av året, har dette blitt motverka av at det faktiske talet på asylsøkjjarar har vore lågare enn det prognosane tilsa.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 9,2 mill. kroner.

#### *Post 22 Særskilte driftsutgifter, tolk og omsetting*

Løyvinga på posten skal dekke utgiftene UDI har til tolking og omsetting i behandlinga av asylsaker. UDI har gjennomført færre intervju enn forventa, hovudsakleg fordi talet på asylsøkjjarar i 2017 har vore lågare enn venta.



Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner.

*Post 45 Større innkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Det blir foreslått å tilføre stikkordet «kan overførast» på posten.

*Post 60 Tilskot til vertskommunar for asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak. Som omtalt under kap. 490, post 21, er det ein nedgang i forventa tal på asylsøkjjarar i 2017, noko som isolert sett ville ført til lågare løyvingssbehov på posten.

Løyvingsbehovet er imidlertid høgare enn den reine volumjusteringa, hovudsakleg grunna høgare del unytta plassar i asylmottak enn det som låg til grunn for gjeldande budsjett, jf. omtale under post 21. Vidare er det fleire barnehageplassar til disposisjon enn det som ligg til grunn for gjeldande budsjett.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 26,7 mill. kroner.

*Post 70 Stønader til bebuarar i asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til økonomiske ytingar til asylsøkjjarar og flyktningar i tida dei oppheld seg i mottak. Satsane for økonomiske ytingar er differensierte på bakgrunn av søknadsstatus, familiestatus o.a.

Løyvingsbehovet som følgje av ei rein volumjustering av posten tilseier ein reduksjon i løyvinga. Løyvingsbehovet er imidlertid høgare enn det volumjusteringa tilseier.

Årsaken til avviket skuldast fleire forhold som trekkjer i ulike retningar. Det er mellom anna betalt ut tilleggsytingar frå 2016 i 2017. Vidare fører færre asylsøkjjarar til lågare utbetaling av basisytingar. Rekneskapstal viser også at prisen som er på sengetøyspakkar, kjøkkenpakkar etc. har vore høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn for berekinga av løyvingsbehovet på posten.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 0,9 mill. kroner.

*Post 71 Tilskot til aktivitetstilbod for barn i asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning for aktivitetstilbod for barn i mottak.

Det er venta eit mindreforbruk på posten på 1,8 mill. kroner knytt til tilskot til aktivitetstilbod for barn i mottak fordi midlar som ikkje blir nytta, til dømes til mottak som blir lagt ned i løpet av året, blir tilbakebetalt på slutten av året. Vidare er kostnadene til informasjonstilbod til au parar 0,3 mill. kroner lågare enn det som blei løyvd til tiltaket i revidert nasjonalbudsjett 2017.

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga på posten med 2,1 mill. kroner.

*Post 72 Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, overslagsløyving*

Løyvinga på posten skal bidra til at personar med endeleg avslag på søknad om beskyttelse og andre personar utan lovleg opphald i Noreg returnerer til heimlandet når det er trygt. Departementet vurderer at det vil vere eit mindreforbruk på posten, mellom anna på grunn av eit lågare tal på returar enn lagt til grunn for gjeldande budsjett.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 3,7 mill. kroner.

*Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast*

Løyvinga på posten skal gå til å dekke reiseutgifter for overføringsflyktningar og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet. Det er venta eit mindreforbruk på posten. Hovudårsaken er redusert prognose for talet på asylsøkjjarar, lågare kostnader fordi det er inngått ny avtale om assistanse på Oslo Lufthamn og lågare reisekostnader som følgje av endra dollarkurs.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 4,5 mill. kroner.

**Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet**

*Post 01 Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjente utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar på kap. 490, post 01 og post 72 kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Det er gjort ei oppdatert vurdering av delen som kan ODA-godkjennast, og det blir derfor foreslått å redusere inntektsramma på posten.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 10,5 mill. kroner.

*Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjente utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til reiseutgifter for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon på kap. 490, post 75, blir det foreslått å redusere løyvinga på posten med 5 mill. kroner.

*Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til mottak for asylsøklarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). På bakgrunn av forslag om reduserte løyvingar på kap. 490, post 21, post 60 og post 70, blir det foreslått å redusere løyvinga på posten med 603,5 mill. kroner.

*Post 05 Refusjonsinntekter*

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 12,8 mill. kroner mot tilsvarende auke av løyvinga på kap. 490, post 01, jf. omtale under denne posten.

**Kap. 491 Utlendingsnemnda**

*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21*

I samband med behandlinga av Prop. 1 S (2016–2017) vedtok Stortinget å auke løyvinga på kap. 490, post 01 med 20 mill. kroner for å styrke den barnefaglege kompetansen i heile asylkjeda. Av desse midlane blei 5,2 mill. kroner til disposisjon til Utlendingsnemnda. Av desse er 3,4 mill. kroner brukt.

Det blir foreslått å overføre dei resterande midlane disponert av UNE til posten. Midlar som ikkje blir nytta til formålet i 2017 kan overførast til 2018 og nyttast til formålet neste år.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 1,8 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 490, post 01.

*Post 21 Særskilte driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttast under post 01*

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter knytt til nemndmøter. Det er ein reduksjon på 1,5 mill. kroner i utgifter knytt til nemndbehandling i 2017.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner.

**Kap. 496 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak**

*Post 60 Integreringstilskot, kan overførast*

Målet med integreringstilskotet er å medverke til rask busetting. Integreringstilskotet skal gi ei rimeleg dekning av dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetting og integrering av flyktningar i busettingsåret og dei neste fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid.

Behovet for 2017 er anslått redusert samanlikna med gjeldande budsjett. Reduksjonen skuldast i hovudsak at kommunane som busett flyktningar, tek i mot ein lågare del tilskot for flyktningane busett i 2017 samanlikna med gjeldande budsjett. Dette etterslepet blir i staden utbetalt i 2018.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 88,2 mill. kroner.

*Post 61 Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, kan overførast*

Kommunar som busett einslege mindreårige flyktningar mottar eit særskilt tilskot. Tilskotet er differensiert med høg og lav sats avhengig av alder til den einslege mindreårige. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære integreringstilskotet.

Behovet i 2017 er anslått redusert samanlikna med gjeldande budsjett. Reduksjonen skuldast i hovudsak ein reduksjon i talet på einslege mindreårige som det utbetales høg sats for samanlikna med gjeldande budsjett.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 30,9 mill. kroner.

*Post 62 Kommunale innvandrartiltak*

Løyvinga på posten skal styrke integreringsarbeidet i kommunane.

Det blir foreslått at løyvinga på posten blir redusert med 4,7 mill. kroner som følgje av lågare behov på ordninga med Jobbsjansen. I 2017 ble innretninga endra og det ble lyst ut fire delordningar. I 2017 har det vært få søknadar frå kommunar på delordningane C *Forsøk med lenger programtid for deltakarar i introduksjonsprogrammet* og D *Utfasing av ungdomsprosjekt som var i drift i 2016*. Det låge talet på søknadar på del C er antatt å henge saman med at ordninga er i etableringsfasen.

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 2,3 mill. kroner på grunn av lågare behov for ordninga med nasjonalt bu- og støttetilbod for personer over 18 år utsatt for tvangsekteskap og æres-

relatert vold. Årsaka er at talet på plasser ikkje har auka og at tilbodet ikkje er utvida i 2017. Det vert arbeidde med å utvide tilbodet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med til saman 7 mill. kroner.

### **Kap. 3496 Busetting av flyktingar og tiltak for innvandrarar**

#### *Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktingar, ODA-godkjente utgifter*

Nokre utgifter knytte til busetting av overføringsflyktingar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 27,9 mill. kroner. Årsaka er at prognosen for busette overføringsflyktingar er redusert med 300 personar samanlikna med det som ligg til grunn i gjeldande budsjett. Disse 300 busettin-gane blir i staden forskyvd til 2018.

#### *Post 02 Særskilt tilskot ved busetting av einslege, mindreårige flyktingar. ODA-godkjente utgifter*

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktingar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 546,8 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Reduksjonen skuldast i hovudsak ein feil i talet på einslege mindreårige busett i 2017 som ble lege til grunn for gjeldande budsjett.

### **Kap. 497 Opplæring i norsk og samfunns-kunnskap for vaksne innvandrarar**

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunns-kunnskap for vaksne innvandrarar

Tilskotet skal sikre at kommunane tilbyr opp-læring til vaksne innvandrarar med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunn-skap.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 136,9 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Endringa skuldast i hovudsak ein auke i talet på personar som det utbetales persontilskot år 2 for.

### **Kap. 3497 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar**

#### *Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjente utgifter*

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktingar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 18,9 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Reduksjonen skuldast lågare prognoser for talet på asylsøkjjarar i 2017 og dermed ein reduksjon i talet på asylsøkjjarar i målgruppa for opplæring i norsk og norsk kultur og norske verd-diar. For tilskot til opplæring i norsk kultur og nor-ske verd-diar er målgruppa ytterlegare redusert fordi det i gjeldande budsjett ble lege til grunn at ein like stor del av mottaka ville tilby opplæring i norsk kultur og norske verd-diar som ordinær norsk for asylsøkjjarar i mottak.

Justis- og beredskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2017 under Justis- og beredskapsdepartementet.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

st a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Justis- og bered-skapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2017 under Justis- og beredskapsdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 497 226 000 til kr 497 181 000	45 000
61		Høgsterett	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 108 731 000 til kr 110 031 000	1 300 000
410		Domstolane	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 2 368 903 000 til kr 2 369 703 000	800 000
430		Kriminalomsorga	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 4 627 849 000 til kr 4 591 949 000	35 900 000
	45	Større innkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 44 456 000 til kr 54 456 000	10 000 000
	60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv., <i>kan overførast</i> blir redusert med..... frå kr 82 000 000 til kr 68 700 000	13 300 000
432		Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 210 614 000 til kr 228 014 000	17 400 000
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 17 095 870 000 til kr 17 138 351 000	42 481 000
	21	Særskilte driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 144 432 000 til kr 127 432 000	17 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjeremål, blir redusert med..... frå kr 26 971 000 til kr 20 108 000	6 863 000
	25	Retur av asylsøkjjarar med avslag og andre utlendingar uten lovlig opphald, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 219 621 000 til kr 157 121 000	62 500 000
	70	Tilskot, blir redusert med..... frå kr 85 180 000 til kr 82 380 000	2 800 000
	73	Tilskot til EUs grense- og visumfond, blir redusert med..... frå kr 184 000 000 til kr 177 800 000	6 200 000
442		Politihøgskolen	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 628 473 000 til kr 632 473 000	4 000 000
451		Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 759 422 000 til kr 761 422 000	2 000 000
454		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 728 102 000 til kr 731 902 000	3 800 000
	45	Større innkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 1 838 310 000 til kr 1 794 710 000	43 600 000
455		Redningstenesta	
	21	Særskilte driftsutgifter, blir auka med.....	2 000 000
456		Direktoratet for naudkommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 219 949 000 til kr 167 349 000	52 600 000
	45	Større innkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 518 846 000 til kr 491 146 000	27 700 000
469		Vergemålsordningen	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 215 039 000 til kr 216 739 000	1 700 000
471		Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 103 742 000 til kr 60 742 000	43 000 000
	73	Rettferdsvederlagsordninga til Stortingets, blir redusert med ..... frå kr 30 563 000 til kr 27 000 000	3 563 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
472		Voldsoffererstatning og rådgjevningskontora for kriminalitetsofre	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 24 523 000 til kr 22 823 000	1 700 000
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 417 503 000 til kr 365 503 000	52 000 000
475		Bubehandling	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 76 523 000 til kr 95 123 000	18 600 000
480		Svalbardbudsjettet	
	50	Tilskot, blir auka med ..... frå kr 320 938 000 til kr 322 188 000	1 250 000
490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 178 586 000 til kr 1 185 566 000	6 980 000
	21	Særskilte driftsutgifter, asylmottak, blir redusert med ..... frå kr 1 818 820 000 til kr 1 809 597 000	9 223 000
	22	Særskilte driftsutgifter, tolk og omsetting, blir redusert med ..... frå kr 20 306 000 til kr 16 351 000	3 955 000
	60	Tilskot til vertskommunar for asylmottak, blir auka med..... frå kr 227 347 000 til kr 254 046 000	26 699 000
	70	Stønader til bebuarar i asylmottak, blir redusert med..... frå kr 313 410 000 til kr 312 484 000	926 000
	71	Tilskot til aktivitetstilbod for barn i asylmottak, blir redusert med ..... frå kr 32 546 000 til kr 30 440 000	2 106 000
	72	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 101 117 000 til kr 97 467 000	3 650 000
	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 15 514 000 til kr 11 039 000	4 475 000
491		Utlendingsnemnda	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir auka med..... frå kr 321 570 000 til kr 323 370 000	1 800 000
	21	Særskilte driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttast under post 1</i> , blir redusert med..... frå kr 8 747 000 til kr 7 247 000	1 500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
496		Busetting av flyktninger og tiltak for innvandrere	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overføres</i> , blir redusert med.....	88 185 000
		frå kr 12 190 889 000 til kr 12 102 704 000	
	61	Særskilt tilskot ved bosetting av einslege, mindreårige flyktninger, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	30 873 000
		frå kr 3 378 239 000 til kr 3 347 366 000	
	62	Kommunale innvandrartiltak, blir redusert med .....	7 047 000
		frå kr 189 906 000 til kr 182 859 000	
497		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere	
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere, blir auka med.....	136 932 000
		frå kr 2 213 433 000 til kr 2 350 365 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Diverse inntekter, blir auka med.....	755 000
		frå kr 2 671 000 til kr 3 426 000	
3432		Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS)	
	03	Andre inntekter, blir auka med .....	1 500 000
		frå kr 1 013 000 til kr 2 513 000	
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Gebyr – pass og våpen, blir auka med.....	48 831 000
		frå kr 260 169 000 til kr 309 000 000	
	05	Personalbarnehage, blir redusert med .....	243 000
		frå kr 2 300 000 til kr 2 057 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker, blir redusert med.....	4 105 000
		frå kr 206 225 000 til kr 202 120 000	
	08	Refusjoner frå EUs grense- og visumfond, blir redusert med .....	9 258 000
		frå kr 21 258 000 til kr 12 000 000	
3442		Politihøgskulen	
	02	Diverse inntekter, blir auka med.....	1 700 000
		frå kr 15 939 000 til kr 17 639 000	
	03	Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter, blir auka med .....	2 300 000
		frå kr 17 721 000 til kr 20 021 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
3451		Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap	
	01	Gebyr, blir redusert med ..... frå kr 144 104 000 til kr 130 504 000	13 600 000
3456		Direktoratet for naudkommunikasjon	
	01	Abonnementsinntekter, blir auka med ..... frå kr 316 318 000 til kr 317 318 000	1 000 000
	02	Variable refusjonar, blir redusert med..... frå kr 41 014 000 til kr 22 514 000	18 500 000
3490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med..... frå kr 111 258 000 til kr 100 787 000	10 471 000
	03	Reiseutgifter for flyktninger til og frå utlandet, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med ..... frå kr 17 314 000 til kr 12 364 000	4 950 000
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med ..... frå kr 1 190 649 000 til kr 587 164 000	603 485 000
	05	Refusjonsinntekter, blir auka med ..... frå kr 8 486 000 til kr 21 266 000	12 780 000
3496		Busetting av flyktninger og tiltak for innvandrarar	
	01	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med ..... frå kr 269 725 000 til kr 241 800 000	27 925 000
	02	Særskilt tilskot ved busetting av einslege, mindreårige flyktningar, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med..... frå kr 570 202 000 til kr 23 446 000	546 756 000
3497		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med ..... frå kr 55 649 000 til kr 36 750 000	18 899 000